

## Sosialt bonde-årsmøte

Kvam og Kvinnherad Bonde og Småbrukarlag held årsmøte i lag i Rosendal på Sagestova/Vangssaga den 22. februar. Her kjem landbrukskontoret og fortel om FMLA sitt landbruksmøte for Hordaland og aktuelle saker for landbruket i kommunen. Det er Kvinnherad-laget som pressemelder dette.

Bondelaget tek for seg landbruksmeldinga og Småbrukarlaget fortel om andelslandbruk/parselldyrking. Det vert kaffistund med utlodding og til slutt årsmøtesaker. Styret ber om at saker ein ynskjer opp på årsmøtet vert sendt til styret v/E. J. Tvedt innan 9. februar. Møtet er ope også for interesserte/støttemedlemmer.

OLE BULL SCENE 2. FEBRUAR – 1. APRIL



**«Fysisk humor i særklasse!»**  
BERGENSMAGASINET

**«Hope viser hva hun er god for»**  
BT

**«Humor med hjertevarme»**  
BA

**Christine HOPE**  
HOPE • SKULDER • KNE OG TÅ

## SHOW & HOTELL I BERGEN FRA KUN 995

Bo kun 200 meter fra scenen! Velg mellom Scandic Neptun, nylig kåret til et av Norges mest romantiske hotell, og Byparken med sin prisbelønte frokost. Som Bergens show & teatersponsor sikrer vi de aller beste billettene til deg. Bestilling: [showpakker.no](http://showpakker.no) / tlf. 06154 ukedager kl. 09-16.

[Showpakker.no](http://Showpakker.no)

**Scandic**



# ELEVANE SITT TALERØYR

Elevrådet ved den einaste private skulen i Kvinnherad får mange innspel frå medelevane som dei tek vidare til leiinga ved skulen.

ARNE LINDEFLETEN  
[arne@kvinnheringen.no](mailto:arne@kvinnheringen.no)






## ELEVRÅDA i Kvinnherad

I denne serien har vi sett oss som mål å presentere alle elevråda i grunnskulen i Kvinnherad og lytta til kva dei er opptekne av. Ifølgje Opplæringslova skal alle skular frå 1. til 10. årstrinnet ha eit elevråd. Elevrådet skal fremja fellesinteressene til elevane på skulen og arbeida for å skapa eit godt lærings- og skulemiljø. Rådet skal kunna uttala seg om saker som gjeld nærmiljøet, og kan også koma med eigne framlegg. Ein av lærarane på skulen skal ha som oppgåve å vera elevrådskontakt.

### ELEVRÅDET



**LEIAR**  
**OLIVER LJONES LØNNINGEN**  
Går i 7. klasse.  
**Favorittfag:** Gym  
**Kjekkast på fritida:** Volleyball.  
**Best med skulen:** Alt er kjekt her.



**Håkon Ulvenes Ylvestad**  
Går i 5. klasse.  
**Favorittfag:** Gym.  
**Kjekkast på fritida:** Spela ulike spel.  
**Best med skulen:** Håkon!



**Mia Håvik**  
Går i 6. klasse.  
**Favorittfag:** Gym.  
**Kjekkast på fritida:** Volleyball.  
**Best med skulen:** Veit ikkje heilt.



**Madeleine Lønning Berge**  
Går i 4. klasse.  
**Favorittfag:** Gym.  
**Kjekkast på fritida:** Riding.  
**Best med skulen:** At vi ikkje har lekser.



**Ronja Kirketeig**  
Går i 3. klasse.  
**Favorittfag:** Gym.  
**Kjekkast på fritida:** Sjå på TV.  
**Best med skulen:** Det meste er bra med denne skulen.

Ølve Montessoriskule vart etablert i 2013. Det skjedde etter at kommunestyret hadde vedteke å leggja ned den kommunale skulen i bygda. Vedtaket førte til full mobilisering blant bygdefolket som nekta å godta at bygda skulle stå utan skule. Etter ein dugnadsinnsats som Ølve knapt har opplevd tidlegare, vart det oppretta ein privat skule.

– Vi har Kvinnherads beste skule, meiner leiaren i elevrådet Oliver Ljones Lønningen.

Vi møter han saman med dei fire andre tillitsvalde ved skulen, Håkon Ulvenes Ylvestad, Mia Håvik, Madeleine Lønning Berge og Ronja Kirketeig. Rektor Hildegunn Nepstad har stilt personalrommet på skulen til disposisjon for møtet mellom elevrådet og Kvinnheringen.

### Ønskeliste

Ein gong i månaden har elevrådet og skuleleiinga møte. Då vert det presentert ei ønskeliste som elevrådsrepresentantane har plukka opp frå medelevane i dei ulike klassane. Ønska er mange og varierte.

Blant anna er det ein elev som ønskjer

▲ **ELEVRÅDET:** Bak frå venstre: Mia Håvik, Oliver Ljones Lønningen, Madeleine Lønning Berge. Framme frå venstre: Ronja Kirketeig og Håkon Ulvenes Ylvestad.

### Fakta ØLVE MONTESSORISKULE

- Elevar: 35
- Trinn/klassar: 7
- Lærarar: 5
- Elevrådet: Oliver Ljones Lønningen (leiar), Håkon Ulvenes Ylvestad, Mia Håvik, Madeleine Lønning Berge, Ronja Kirketeig.
- Rektor: Hildegunn Netland

at skulen skal gå til innkjøp av ei hengekøye. Men det ønsket vert neppe innfridd.

– Det hadde vore litt rart om vi skulle kjøpt éi hengekøye til berre ein elev. Vi må ta omsyn til det som fleirtalet ønskjer, seier Madeleine Lønning Berge.

For på Ølve Montessoriskule er det demokratiet som gjeld. Eit aktivt elevråd er ein god reiskap for å utvikla demokratiske verdiar hos elevane. Skulen i Ølve ønskjer eit godt sosialt miljø og god trivsel. Det prøver ein å få til mellom anna med eit konstruktivt samarbeid mellom skuleleiing og elevråd.

– Blant dei tinga vi har fått gjennom er innkjøp av ei ballpumpe, utstyr til å driva med volleyball i friminutta og diverse utstyr til den nye parken. Det er stor interesse for volleyball blant elevane her, og då er det viktig at vi har det utstyret vi treng, seier elevrådsleiaren.

Han meiner skulen er fri for mobbing. Hadde elevrådet fått kjennskap til at det var elevar ved montessoriskulen som vart mobba, ville dette blitt teke opp i elevrådet, straks.

Elevrådsmedlemene meiner skulelei-

inga lyttar til dei, og at dei vert tekne på alvor. Det stadfestar rektor Hildegunn Netland.

– Det er kjempeviktig for oss å lytta til elevrådet. Saker som vi lærarar har snakka om, legg vi fram for leiaren. Ofte kjem dei til oss med innspel og idear som kan vera positive for skulen, dei diskuterer vi. Det er ikkje alltid vi blir samde, men då møtes vi på midten, seier rektoren.

Denne veka kjem det ei viktig sak opp i elevrådet. Før jul vart det arrangert ein julemarknaden på skulen der det kom inn rundt 12.000 kroner.

– Her skal vi saman med elevrådet bestemma kva desse pengane skal nyttast til. Pengane skal ikkje brukast på læremateriell, men til ting som skal gjera skulemiljøet betre, seier Netland.

Elevrådsrepresentantane har alt ei lang ønskeliste frå medelevane sine, men ei endeleg avgjerd om kva pengane skal nyttast til, vert ikkje teke før i møte i elevrådet denne veka.

– Elevrådet er røysta til alle elevane, så det er klart vi må lytta dei, meiner rektoren.